

Vår referanse 2020/37719-7
Dato 28.05.2020

SWECO NORGE AS AVD BERGEN
Fantoftvegen 14P
5072 BERGEN

Vedtak - Uteservering Egon Kjøttbasaren - gnr 167 bnr 1653 - Bergen kommune

Vestland fylkeskommune viser til dykkar søknad om leige av offentleg areal til uteservering foran Kjøttbasaren.

Søknaden gjeld leige av fortausareal langs fv. 5342 Bryggesporden og fv. 577 Torget til uteservering for sesongen 2020.



For 2019 fekk Egon Kjøttbasaren redusert sitt areal mot fortau, slik at arealet det vart gitt samtykke til vart trekt inn 6 meter i høve til omsøkt areal, som vist på kartet til venstre.

De meinte vegvesenet ikkje hadde heimel for å redusere arealet, fordi dei ikkje var rette instansen for å ta ei vurdering etter kommunedelplan sentrum. De har derfor for denne sesongen søkt om heile arealet, inkludert det som er merka med gult i kartutsnittet. De grunngir dette også med at de har eit plan- og bygningslovsvedtak frå Bergen kommune, Byggesaksavdelingen datert 22.04.1997 som gir løyve til å bruke areal til uteservering.

Generelt

Søknader om leige av fortausareal langs fylkesveg har tidlegare blitt handsama av Statens vegvesen i samarbeid med Bergen kommune, Bymiljøetaten. Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune datert 18.03.2020 med informasjon om at fylkeskommunen overtar handsaming av søknadane.

Vegareal sin primære funksjon er trafikkføremål for motoriserte køyretøy og mjuke trafikantar. I den grad uteserveringa ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet eller andre gjeldande regelverk ønskjer vi å legge tiltrette for uteservering. Vi vil vurdere om det er grunnlag for å gjere vedtak om løyve til uteservering.

Med mindre vegstyresmakta har fatta vedtak om løyve, er det forbode å nytte offentleg vegareal til anna enn trafikkføremål jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Fylkeskommunen må godkjenne bruk av areal til uteservering både som grunneigar og vegstyresmakt.

De har vist til at de har eit vedtak frå Byggesaksetaten frå 1997 som de meiner gir føringar for storleiken på arealet. Men eit slikt vedtak gir ikkje grunnlag for ein leigeavtale med fylkeskommunen. Og bruk av fortausareal til andre føremål enn trafikkføremål, er som nemnt avhengig av vedtak etter veglova §§ 9 og 57.


Vurderinga av saka

Ved Kjøttbasaren og Bryggesporden legg Vestland fylkeskommune til grunn plan- og bygningsetaten si avklaring av arealbruk i høve til kommunedelplan sentrum, som er gitt i e-post til Statens vegvesen 29.03.2019.

I e-posten skriv plan- og bygningsetaten at arealet ved «Bryggesporden er et kritisk fotgjengerområde i forlengelsen av Torget. Serveringsarealet foran Kjøttbasaren har til nå representert en unødvendig innsnevring av gangarealet fra Vetrldsallmenningen. Det er et lyskryss med to fotgjengerkryssninger og oppleves trangt og trafikkfarlig. Det er viktig at fortausbredden ved hjørnet på Kjøttbasaren videreføres ut til krysset mot Torget, slik det er markert med rød stiplet linje. Tidligere avgrensning er vist med mørkegrønn linje, nødvendig gangareal er vist med rosa, men nytt serveringsareal er angitt med grønt areal.»

Det er plan- og bygningsetaten som er planmyndigheit som kan vurdere om eit tiltak er i samsvar med føresegn § 6.3 for kommunedelplan for sentrum som krev minimum 3 m fri fotgjengarbreidde.

Utsnitt frå kartet frå plan- og bygningsetaten:



Vi kan dessuten vise til at vedtaket frå Byggesaksavdelingen frå 1997 har eit punkt som omtalar ferdselsareal:

- Dersom det viser seg at den almenne ferdsel krev større fortausareal framfor "Kjøtt-basaren" forbeholder bygningsrådet/byggesakssjefen seg rett til å krev justeringer av utearealets begrensing.

Vestland fylkeskommune kan berre fatte vedtak etter veglova for areal som er i samsvar med kommunedelplan sentrum. Vi må derfor legge til grunn kartet frå plan- og bygningsetaten i vårt vedtak.

Vedtak

Vestland fylkeskommune samtykker for heile 2020 til utleige av eit fortausareal som vist på kartutsnittet under. Det totale utleigearealet blir 157,5 m². Samtykket for dette arealet er eit enkeltvedtak etter veglova §§ 9 og 57.



Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyremakta har fatta vedtak om jf. veglova § 57, 2. ledd, 2. punkt. Det betyr at fysisk avgrensing av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedtatt. De må derfor flytte dagens avgrensing snarast.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må derfor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

Opplysning om klagerett

Det er høve til å klage på vedtaket innan 3 veker etter at dette brevet er mottatt jf. Forvaltningslova §§ 28-36. Klage med grunngjeving skal sendast til Vestland fylkeskommune med følgande e-post: post@vlfk.no. Hugs å merke med vårt saksnummer 2020/37719.

Saksgangen vidare

Tilbod om leigeavtale vil Vestland fylkeskommune sende dykk i eit eige brev. De kan berre starte uteservering på arealet som er vedteke når leigeavtalen er underskriven.

Dette brevet må vere tilgjengeleg på serveringsstaden for eventuell kontroll.

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Kari Elster Moen
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE
BYMILJØETATEN

Postboks 7700